

Dette er eit utkast til analysegrunnlag for overordna analyse for plan for forvaltningsrevisjon. Dokumentet kan reviderast etter det er lagt fram for kontrollutvalet. Revidert versjon vil sendast kontrollutvalet saman med plan for forvaltningsrevisjon.

Etne kommune

Overordna analyse

«Overordna analyse»

September 2016

Rapporten er utarbeidd for Etne
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS
Postboks 6013 Postterminalen,
5892 Bergen
tlf: 51 21 81 00
www.deloitte.no
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

Innhald

1. Innleiing	4
2. Oversikt over identifiserte risikoområde	7
3. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt	18
4. Tidlegare forvaltningsrevisionar	20
Vedlegg: Statistikk	21

1. Innleiing

Kontrollutvalet er pålagt å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon. Dette dokumentet er eit analysegrunnlag som skal danne grunnlag for kontrollutvalet sitt arbeid med plan for forvaltningsrevisjon for 2016-2020.

For at kontrollutvalet sin nye plan skal spegle dei viktigaste områda i kommunen der det er behov for forvaltningsrevisjon, har Deloitte gjennomført ei risiko- og vesentlegvurdering (overordna analyse) av verksemda til kommunen. I prosessen med den overordna analysen har det blitt lagt opp til involvering, både av kontrollutvalet administrasjonen og politiske organ.

Analysen er av overordna karakter, og i stor grad basert på innspel som har komme fram gjennom intervju, spørjeundersøking og gjennomgang av tilgjengeleg skriftleg informasjon. Informasjon som har komme fram i intervju og spørjeundersøking er bare i avgrensa grad verifisert av kommunen i denne analysen. Informasjonen er i analysegrunnlaget brukt som indikasjon på risikoforhold som eventuelt bør eller kan følgast opp/undersøkast i ein forvaltningsrevisjon dersom kontrollutvalet og kommunestyret vedtar dette.

1.1 Overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon

I forskrift om kontrollutval § 10 går det fram at:

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv, som kan delegera til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Det er også eit krav om at planen skal vere basert på ei overordna risiko- og vesentlegvurdering:

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorar og virksomheter.

Føremålet med den overordna analysen er å skaffe relevant informasjon om kommunen si verksemd, slik at det er mogleg for kontrollutvalet å utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon og å prioritere mellom ulike område kor det kan vere aktuelt å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon.

Den overordna analysen skal avdekke indikasjonar på avvik eller sårbare område i forvaltninga, sett i forhold til regelverk, politiske mål og vedtak. I denne samanhengen viser «risiko» til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekommme avvik frå for eksempel regelverk, mål, vedtak og andre føringer som kommunen har sett for verksemda.

Risiko bør vurderast innanfor alle kommunen sine vesentlege tenesteområde. På bakgrunn av denne risikoanalysen blir det utarbeidd forslag til forvaltnings-revisjonsprosjekt. Det er kontrollutvalet må avgjere kva prosjekt dei ønskjer å prioritere i sin plan for forvaltningsrevisjon.

I regelverket går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at verksemda blir gjenstand for forvaltningsrevisjon, og er ansvarleg for å bestille forvaltningsrevisjon av revisjonen. Bestilling av prosjekt for forvaltningsrevisjon skal som hovedregel ta utgangspunkt i utarbeidd plan for forvaltningsrevisjon som er vedtatt av kommunestyret.

UTKAST

I kommunelova § 77 er forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut fra kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader. Tema for forvaltningsrevisjon kan bl.a. vere å (jf. forskrift om revisjon § 7):

- vurdere om forvaltinga bruker ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader
- vurdere om forvaltinga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive for å nå måla som er satt på området
- vurdere om regelverket blir etterlevd
- vurdere om forvaltinga sine styringsverktøy og verkemiddel er hensiktsmessige
- vurdere om saker frå administrasjonen til dei politiske organa er tilstrekkeleg utgreidde
- vurdere om resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultata for verksemda er nådd

I praksis har kontrollutvalet stor fridom til å definere korleis prosjekta skal utformast gjennom føremål og problemstillingar. Forvaltningsrevisjon kan gjennomførast innanfor alle tenesteområda i kommunen. Men i følgje forskrifa skal gjennomføring og rapportering av forvaltningsrevisjon skje i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området. Det skal også etablerast revisjonskriterium for det enkelte prosjekt.

1.2 Metode for gjennomføring av overordna analyse

1.2.1 Dokumentanalyse

Dokumenta som er gjennomgått er i hovudsak informasjon frå Etne kommune si heimeside, årsmelding 2015, budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

1.2.2 Statistikk

Offentleg statistikk er henta frå KOSTRA, og viser tal frå tenesteområda som er gjennomgått i analysen. KOSTRA gjer det mogleg å samanlikne tall som gjeld for kommunen med gjennomsnittet for andre kommunar av liknande storleik (kommunegruppa) og for landet.

1.2.3 Intervju

Det er gjennomført intervju med eit utval administrative og politiske leiarar i kommunen. Vi har gjennomført intervju med kommunalsjef, leiar for økonomi og einingsleiarar for pleie og omsorg og utvikling. Av politiske leiarar har vi intervjua ordførar, varaordførar og tre gruppe-/utvalsleiarar.¹


1.2.4 Spørjeundersøking

Det er sendt ut ei elektronisk spørjeundersøking til einingsleiarar i kommunen (som ikkje blei intervju). Spørjeundersøkinga blei sendt ut til 12 leiarar og vi fekk svar frå 5 leiarar innan fristen (42 prosent). Det er også sendt ut ei spørjeundersøking til 5 hovudtillitsvalte og hovudverneombod. 3 av desse har svart på undersøkinga, noko som utgjer 60 prosent. I spørjeundersøkinga blei det mellom anna stilt spørsmål om kva område i kommunen ein meiner det er knytt særskilt risiko til.

¹ Vi vil gje kontrollutvalet munnleg tilbakemelding om rådmannen sine synspunkt i møte der analysedokumentet skal handsamast

1.2.5 Prosessmøte i kontrollutvalet

Innleiingsvis i prosessen ble det gjennomført eit risikospel i kontrollutvalet der det ble gjort ei systematisk vurdering av risiko innanfor dei ulike tenesteområda i kommunen. Informasjonen frå prosessmøtet er tatt inn som ein del av datagrunnlaget for rapporten.



1.3 Lesarrettleiing

Innspela som er samla inn i samband med den overordna analysen er systematisert og framstilt i dette dokumentet. Dokumentet er meint som eit grunnlag for kontrollutvalet for å velje ut og prioritere forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Risikovurderingane og forslag til prosjekt er basert på ein overordna gjennomgang av kommunen sine tenesteområde.

I kapittel 2 presenterer vi oversikta over identifiserte risikoområde som er eit resultat av undersøkinga vi har gjort i samband med analysearbeidet.

Risikovurderingane dannar grunnlag for forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekt. Forslag til forvaltningsrevisjonsprosjekta blir presentert i kapittel 3. Forslaga til prosjekt er ikkje presentert i prioritert rekkefølge. Prioritering og val av prosjekt skal kontrollutvalet gjere. Kontrollutvalet står også fritt til å legge til og/eller ta vekk prosjekt i forhold til lista som her er presentert. Endeleg prioritering av prosjekt blir framstilt i plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020, som skal leggast fram for kommunestyret.

I kapittel 4 presenterer vi ei oversikt over tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonar.

KOSTRA-tala vi har gjennomgått er lagt ved som vedlegg til rapporten.

2. Oversikt over identifiserte risikoområde

På bakgrunn av innsamla og analysert informasjon vil vi i dette kapittelet oppsummere og vurdere risiko for manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving og effektivitet som er identifisert innan dei respektive områda i Etne kommune som er gjennomgått.

Risikonivå er i tabellane nedanfor farga med raudt som representerer høg risiko eller gult som representerer middels risiko:

Tabell 1 Fargesymbol

Fargesymbol Skildring av vurdering av risiko

Fargesymbol	Skildring av vurdering av risiko
	<p>«Høg risiko» På område som er merka med raudt meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere høg risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>
	<p>«Middels risiko» På område som er merka med gult meiner Deloitte på bakgrunn av framlagte data og analyse, at det kan vere middels risiko for anten manglende produktivitet, måloppnåing, regeletterleving eller effektivitet. Vurdering av årsak (sannsynlegheit) og verknad (konsekvens) dannar grunnlag for Deloitte si risikovurdering for kvart område.</p>

Det er viktig å påpeike at risikovurderingane er skjønnsmessige, og vurderinger er basert på føreliggande informasjon. Kontrollutvalet kan vurdere risikoen knytt til dei ulike områda som forskjellig frå det som er foreslått her. Det er derfor kontrollutvalet som til slutt skal vurdere og prioritere dei ulike områda, og avgjere rekkefølga for forvalnings-revisjonsprosjekt i den planen som blir lagt fram for kommunestyret.


Vi vil understreke at ikkje all informasjon som går fram er verifisert av kommunen, og bør derfor ikkje nyttast som fakta utan at ytterlegare undersøkingar er gjennomført.

2.1 Bakgrunn

Etne kommune er ein to-nivåkommune, med fem støtteeiningar og ti resultateiningar.

Organiseringa til Etne kommune går fram av organisasjonskartet nedanfor.

Figur 1: Organisasjonskart, Etne kommune.



I undersøkinga blir det peika på at til tross for at kommunen har vedtak på at det er ein to-nivåkommune, så er det ikkje alltid slik i praksis. Det blir peika på at det i praksis kan vere tre til fire nivå alt etter kva sektor det er snakk om. Det blir peika på at det kan vere nyttig å sjå på leiing, struktur og delegasjon i kommunen.

2.1.1 Finansielle nøkkeltall

KOSTRA-tala viser at Etne kommune i 2014 og 2015 hadde eit lågare netto driftsresultat samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går fram av Etne kommune si årsmelding for 2015² at driftsutgiftene i kommunen i 2014 var for høge til at kommunen hadde ein berekraftig økonomi. I 2015 gjennomførte kommunen derfor omfattande spareprosessar for å redusere driftsutgiftene, og nedlegging av Rygg skule var den største endringa i tenestetilbodet i 2015. Fleire omfattande kutt er vedtatt innan administrasjon, kultur, helse og pleie- og omsorg som vil få effekt frå i år. Revisjonen har fått opplyst at eigedomsskatt har gitt kommunen meir i inntekter.

Det går fram av KOSTRA-tala at Etne kommune har høgare netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av dei totale netto driftsutgiftene samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i perioden 2013 til 2015.

2.2 Sektorovergripande område

2.2.1 Innkjøp

I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko knytt til kommunen sine innkjøpsprosessar. Det har vore uro knytt til konsulentbruk i samband medbygging av nytt omsorgssenter i kommunen. Byggenemnda i kommunen var ikkje fornøyd med innleid konsulent sitt arbeid og forkasta vedkomande sitt arbeid. Sider av saka har blitt handsama i rettsvesenet.

² Etne kommune – Årsmelding 2015, vedtatt i K-sak 046/16.

2.2.2 Sjukefråvær

Det går fram av årsmeldinga at sjukefråværet i Etne kommune har auka frå 5,4 prosent i 2014 til 6,8 prosent i 2015. Dette gjeld eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær, og inkluderer ikkje fråvær ved barn og/eller barnepassers sjukdom. Det er variasjonar i sjukefråværet på dei ulike einingane, men tendensen er at det totale sjukefråværet går opp

2.2.3 Løn/personal

Det går fram av årsmeldinga og av undersøkinga at løns- og personalavdelinga opplever utfordringar med utarbeidning og evaluering av nye og eksisterande reglement, rutinar og avtalar innan avtalte fristar. Det blir også peika på at avdelinga ikkje har nok midlar til opplæring og kurs.

2.2.4 IKT

Etne kommune har vertskommunesamarbeid med Vindafjord kommune om felles IKT-avdeling. IKT-avdelinga har ansvaret for all IKT-drift, datautstyr og support internt i Etne og Vindafjord. Tenestene er i hovudsak retta mot tilsette, politisk og administrativ leiing, men det blir også ytt tenester retta mot publikum.

I årsmeldinga blir det peika på at telefonløysinga i kommunen er svært gammal og lite funksjonell. Telefonnettet er svært sårbart for uvær og straumbrot, det er vanskeleg å drive og manglar god funksjonalitet. Legekontor og tenestekontor etterspør betydeleg betre sentralbordsfunksjonalitet, sidan dagens løysingar ikkje gjev tilfredsstillande service overfor innbyggjarar og tilsette.

2.2.5 Arkivering

Det blir i undersøkinga peika på at det har vore mangefull kompetanse knytt til arkivering og at kommunen har hatt utfordringar knytt til at mykje data ikkje har blitt dokumentert og arkivert på riktig måte.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekket i denne undersøkinga:

Sektorovergripande oppgåver				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Sjukefråvær	Aukande sjukefråvær i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for ikkje tilstrekkeleg systematisk arbeid for å sikre lågt sjukefråvær Risiko for aukande kostnader 		
Planar, reglement og rutinar innan løn- og personal	I undersøkinga blir det peika på utfordringar med utarbeidning og evaluering av nye og eksisterande reglement, rutinar og avtalar innan avtalte tider. Det blir også peika på at avdelinga ikkje har nok midlar til opplæring og kurs.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for ikkje oppdaterte rutinar og planar Risiko for mangefull oppdatering av kompetanse 		
Arkiv og journalføring	Det blir peika på utfordringar knytt til å sikre at dokument blir arkivert og arkivert riktig.	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at ikkje all arkivverdig dokumenta- 		

UTKAST

Sektorovergripande oppgåver				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> sjon blir arkivert Risiko for mangelfull opplæring 		
Telefoni og kundeservice	Gamalt telefonløysing i kommunen som er sårbar og lite funksjonell. Legekontoret etterspør beste løysingar	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for å ikke nå kommunen på telefon i kritiske situasjoner Risiko for manglende kundeservice 		
Innkjøp	I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko knytt til kommunen si handtering av innkjøp	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for brot på regelverket Risiko for mangelfulle system og rutinar Risiko for unødvendig høge kostnader for kommunen 		
Investeringar	I undersøkinga blir det peika på at det kan vere risiko knytt til kommunen si handtering av investeringsprosessar	<ul style="list-style-type: none"> Risiko for at prosjekt ikkje følgjer framdriftsplanar Risiko for mangelfull planlegging Risiko for mangelfulle system og rutinar Risiko for unødvendig høge kostnader for kommunen 		Det blei gjennomført forvalnings-revisjon av dette området i 2015

2.3 Oppvekst

2.3.1 Barnehage

Etne kommune har tre offentlege og ein privat barnehage.

I 2015 gjennomførte fylkesmannen i Hordaland tilsyn med Etne kommune.³ Temaet for tilsynet var kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar. Det blei avdekkja eit lovbro i tilsynet som peika på at Etne kommune ikkje viser til dei rettsreglar som vedtaket om tilskot til ikkje-kommunale barnehagar byggjer på. Dette oppfyller ikkje krava i forvalningslova og barnehagelova § 14 med tilhøyrande forskrift.

³ Fylkesmannen i Hordaland – *Endeleg tilsynsrapport: Kommunalt tilskot til godkjente ikkje-kommunale barnehagar, Etne kommune.*

Det går fram av årsmeldinga og av undersøkinga at det har vore utfordringar knytt til høgt sjukefråvær, samt behov for kompetanseheving i barnehagane.

2.3.2 Grunnskule

Det er to skular i Etne kommune. Etne kommune er ein del av haugalandsløftet, eit tverrfagleg prosjekt mellom skule barnehage, helse, PPT og barnevern. Prosjektet blei starta i 2012. 10 kommuner på Haugalandet samarbeider om Haugalandsløftet. Prosjektet er eit forskningsbasert kompetansehevingsprosjekt retta mot skule, barnehage og PPT. Prosjektperioden varar fram til august 2017.

Det går fram av KOSTRA-tala at delen elevar som får særskild norskopplæring og delen elevar som får morsmålsopplæring har auka i Etne kommune frå 2013 til 2015. I 2015 ligg Etne over gjennomsnittet til kommunegruppa på desse variablane, men framleis under gjennomsnittet for landet utan Oslo.

Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Etne kommune har ein høgare del elevar i grunnskulen som får spesialundervisning samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo. Til tross for ein nedgang i delen elevar med spesialundervisning frå 2014 til 2015 ligg Etne alle tre åra (2013 til 2015) over gjennomsnittet til kommunegruppa og landet utan Oslo. Det går fram av årsmeldinga at skulane har gjort ein gjennomgang av ressursbruken, og det viser seg at det har vore noko underrapportering dei siste åra. Skulane jobbar no systematisk for å redusere timetalet til spesialundervisning. Det går også fram av årsmeldinga at det er inngått eit tettare samarbeid med PPT. Etne kommune er i eit interkommunalt samarbeid om PPT der Vindafjord er vertskommune. Det går fram av årsmeldinga at PPT dei siste åra har hatt ventelister og ikkje har fått prioritert systemarbeid i stor nok grad.

2.3.3 Barneverntenesta

I 2015 blei det etablert eit vertskommunesamarbeid med Vindafjord kommune om felles barnevernteneste. Etne kommune har også eit vertskommunesamarbeid med Vindafjord om SLT-arbeid (Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggande tiltak). Det går fram av budsjett og økonomiplan for 2016-2019⁴ at det har vore utfordringar i overgangen både med tanke på budsjettering og personalutfordringar ved barnevernskontoret i Vindafjord

KOSTRA-tal viser at Etne kommune har hatt ei auke i netto driftsutgifter per innbyggjar mellom 0 og 17 år til barneverntenesta frå 2013 til 2015, men kommunen ligg framleis under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo alle tre åra. Det går vidare fram av KOSTRA-tala at Etne kommune har ein høgare del netto driftsutgifter til sakshandsaming samanlikna med gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i 2013-2015.

Det går vidare fram av KOSTRA-tala Etne kommune har hatt ein nedgang i delen meldingar med handsamingstid innan sju dagar, og i delen undersøkingar med handsamingstid innan tre månader frå 2013 til 2015. Når det gjeld handsaming av meldingar innan frist ligg Etne under gjennomsnittet for kommunegruppa og landet utan Oslo i 2014 og 2015, medan dei ligg under desse gjennomsnitta i 2015 når det gjeld handsaming av undersøkingar innan frist.

I undersøkinga blir det peika på at det tverrfaglege arbeidet med barn og unge ikkje har fungert tilfredsstillande i kommunen.

2.3.4 Flyktningar

Det går fram av undersøkinga at det kan vere risiko knytt til arbeidet med flyktningar i kommunen. Det er uro knytt til styringa av økonomien på dette området, samt at kommunen ikkje har ein egen flyktningkonsulent. Det blir opplevd som uklart korleis arbeidet skal organisera, og korleis pengane skal fordelast innanfor eit område med delt ansvar – busetting av flyktningar og vaksenopplæring/språkopplæring. Det blir også peika på at det kunne vore

⁴ Etne kommune – Budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

UTKAST

interessant å gjere ei vurdering av kvaliteten på vaksenopplæringa. I årsmeldinga blir det peika på at kommunen kan få utfordringar knytt til å gi flyktningar god språkopplæring og oppfølging.

2.3.5 Kultur

I undersøkinga blir det peika på at det ikkje er god nok rapportering til politikarar på kulturområdet. Det blir stilt spørsmål om mynde og delegasjon er handtert på ein tilfredsstillande måte i denne sektoren.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekkja i denne undersøkinga:

Oppvekst				
Risikoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Kommunen sitt arbeid for flyktningar	I undersøkinga blir det peika på uklare forhold knytt til økonomi og organisering av kommunen sitt arbeid for flyktningar og at det er utfordringar knytt til oppfølging og opplæring av gruppa	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfullt tilbod og tenester • Risiko for manglende regeletterleving • Risiko for manglende integrering 		
Spesialundervisning	Undersøkinga viser at kommunen har høge tal knytt til spesialundervisning og at PPT har utfordringar knytt til å prioritere systemarbeid	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for mangelfull regeletterleving • Risiko for ikkje optimal ressursbruk 		Det blir opplyst at kommunen har arbeidd mykje med dette området dei siste åra og at delen elevar som får spesialundervisning er på veg ned.
Barnevern	Undersøkinga peikar på personal og budsjetteringsutfordringar i barnevernet og at kommunen har høge kostnader samanlikna med andre kommunar	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for ikkje effektive tenester • Risiko for manglende kapasitet og kompetanse 		
Tverrfagleg samarbeid omkring barn og unge	Undersøkinga peikar på utfordringar knytt til tverrfagleg arbeid omkring barn og unge	<ul style="list-style-type: none"> • Risiko for brot på regelverk • Risiko for mangelfull kvalitet i tenestene • Risiko for ikkje tilstrekkeleg tidleg innsats overfor barn med utfordringar • Risiko for mangelfulle system og rutinar 		

2.4 Helse og omsorg

Etne kommune sitt helsetenestetilbod er organisert med ei eining for helse og omfattar legeteneste, psykisk helseteneste, miljøarbeid, fysio- og ergoterapi, tilbod til funksjonshemma, støttekontaktenester mv. Kommunen har i tillegg ei eining for pleie og omsorg og to omsorgssenter – Etne og Skånevik omsorgssenter.

2.4.1 Helse, legetenester og rehabilitering

Av budsjett for 2016 går det fram at helse står overfor fleire utfordringar i åra som kjem. Tenestene har fleire ressurskrevjande brukarar som krev ekstra kompetanse for å handtere, og det er identifisert behov for kompetanseheving for tilsette som arbeider med desse brukarane. Samtidig er det behov for å auke bemanninga på fleire område innan helse. Av budsjett 2016 går det fram at sjukefråvær er høgt i fleire avdelingar, og at det blir vurdert ei auke i grunnbemannning for å få ei meir stabil personalgruppe. Dette gjeld både innanfor psykisk helse og innanfor legetenesta/ved legekontora.

Vidare går det fram av budsjett 2016 at det er behov for nye lokale til fysio- og ergoterapitenesta i Etne. Dei noverande lokala til tenesta er lokalisert i Etne omsorgssenter, som er i svært dårlig forfatning (problem med isolasjon, vindauge, lekkasjar, asbest, lys mv.). Av årsmelding 2015 går det fram at omsorgssenteret ikkje tilfredsstiller dagens krav til standard for pasientar. I tillegg gjev bygget store utfordringar i arbeidskvardagen for dei tilsette (utfordringar med konsentrasjon som følgje av hovudpine og andre helseplagar). Kommunen er i prosess med å få bygga nytt omsorgssenter

Når det gjeld utfordringar knytt til lokale, er det i budsjett 2016 vist til at både bufellesskapet, dagsenteret og legekontora slit med for lite areal, og at delar av arealet som er i bruk er lite eigna til tenestene. Særleg gjeld dette kontorplassar og møteromskapasitet.

I budsjettet for 2016 er det også identifisert behov for betre/utvida aktivitetstilbod for unge personar med funksjonshemmning.

I undersøkinga kjem det elles fram at kommunen innanfor helse ikkje har gode nok rutinar og prosedyrar (kvalitetssystem) og at ein heller ikkje er flinke nok til å følgje opp bruken av desse rutinane og prosedyrane. Det blir etterlyst tid og ressursar til opplæring i og oppfølging av kvalitetssystem. Det blir peikt på at det skjer avvik frå lovverk på bakgrunn av manglande kjennskap blant dei tilsette til kva felles rutinar og prosedyrar som skal nyttast.

2.4.2 Pleie og omsorg

I undersøkinga blir det vist til at behovet for å få på plass nytt omsorgssenter er stort, og at belastninga for dei tilsette er stor. Dette er mellom anna fordi bygga ikkje tilfredsstiller krav samhandlingsreforma stiller til behandlande institusjonar.

Etne omsorgssenter er eit gammalt bygg, som er dyrt i drift og der standarden ikkje er god nok til den bruken det er meint å ha. Bygget er dårlig isolert med høge fyringskostnadar, det er lekkasjar frå taket, og bygget ber preg av stor slitasje frå ver og vind. Pasientrom i den eldste delen av bygget tilfredsstiller ikkje dagens krav til omsorgsbustadar, og dårlig ventilasjon og luftkvalitet gjer arbeidsdagen utfordrande for mange tilsette.

Av budsjett 2016 kjem det fram at kommunen har utfordringar knytt til administrasjon av assistentstillingar. Per i dag er det tilsette fleire assistenter i ein stillingstype enn det kommunen har heimel for, som gjer at kostnadane knytt til tilsette assistenter blir høgare enn budsjettet. Kostnadsauka skuldast justeringar i arbeidsmiljølova som har medført at tilsette i små stillinger som tek ekstravaktar, har fått moglegheit til å krevje fast auke i arbeidstid.

I undersøkinga kjem det fram at kommunen har engasjert ekstern konsulenthjelp for å få bistand til korleis kommune bør vere organisert for å ha eit best mogleg pleie- og omsorgstilbod. I ein

UTKAST

rapport frå desse gjennomgangane kjem det fram at Etne har mykje plass på sjukeheim, men ikkje tilstrekkeleg med omsorgsbustadar.

I undersøkinga blir det elles peika på at tilbodet til demente ikkje er godt nok i dag

Av årsmelding 2015 går det fram at overkapasitet på sjukeheimane i Etne og Skånevik er ei utfordring for kommunen. Begge heimane har redusert belegg og mange ledige plassar, men opererer med full bemanning (døgnbemanning med faste tilsette i turnus på fastløn). På grunn av dette har klarte ikkje kommunen å redusere driftskostnadane i samsvar med reduksjonen i belegg. Dette gjev ein økonomisk krevjande situasjon, med overforbruk på budsjett og reduserte inntekter på institusjonsopphald. Kommunen har nyleg redusert talet på sjukeheimspllassar og redusert talet på stillingar. I undersøkinga blir det peika på at budsjettet innan dette området ikkje har hatt ein reell justering på fleire år, men at ein no heldt på å ta tak i dette og ha ein gjennomgang av økonomien på området.

I undersøkinga blir det vidare peika på at kommunen manglar god internkontroll innanfor pleie- og omsorgsområdet. Det blir vist til at dei system og rutinar kommunen har er mangelfulle, og dessutan til at dei tilsette manglar kunnskap om bruk av dei rutinane kommunen har på området. I undersøkinga blir det vidare peika på at kommunen har begynt å ta tak i desse utfordringane.

I matrisa under følgjer ei vurdering av ulike risikoområde som er avdekka i denne undersøkinga:

Helse og omsorg				
Riskoområde	Årsak	Verknad	Risiko	Kommentar
Byggkvalitet innan helse- og omsorg	Gamalt bygg med høge drifts- og vedlikehaldskostnadar Stort vedlikehaldsetterslep	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for dårlig fysisk miljø for pasientar• Risiko for manglende HMS for ansatte		Kommunen er i prosess med omsyn til å få byggja nytt omsorgssenter
Internkontroll og organisering innan helse og omsorg	Undersøkinga viser at rutinar, og kunnskap om bruk av desse er mangefull innan både helse og pleie og omsorg	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for brot på regelverk• Risiko for ikkje tilfredsstillande kvalitet• Risiko for mangefull registrering av avvik og moglegheiter til å lære av avvik• 		
Budsjettering innan pleie og omsorg	Det går fram av undersøkinga at det ikkje har vore ein reell justering av budsjettet innan pleie og omsorg på ei stund. Det blir samtidig opplyst at kommunen er i ferd med å ta tak i dette.	<ul style="list-style-type: none">• Risiko for ikkje realistisk budsjettering• Risiko for overskridning av budsjettet		

2.5 Tekniske tenester

Dei tekniske tenestene i kommunen er organisert i eining for utvikling og inkluderer brann- og feietenester, byggesak, plan, kart og oppmåling, miljø, landbruk og viltforvaltning.

Kommunen er i tillegg organisert med ei eiga eining for drift og vedlikehald, som har ansvar for oppgåver knytt til drift og vedlikehald av kommunale bygg, grøntanlegg, idrettsanlegg, reinhald, vatn og avlaup, kaiar og hamner og kommunale vegar.

UTKAST

Ansvar for arbeid renovasjon og slamtømming i kommunen er overført til Haualand Interkommunale Miljøverk (HIM), men kommunen har beholdt noko av det administrative arbeidet på området i eining for drift og vedlikehald.

2.5.1 Plan- og byggesaker

Avdelingane for plan- og byggesaker arbeider med kommunen si handsaming av høvesvis private og offentlege reguleringsplanar og byggesaker. Plansaksavdelinga er i tillegg involvert i arbeid med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealplan.

Av KOSTRA-tal går det fram at kommunen har ei kommuneplan med ein forholdsvis gamle areal- og samfunnsdelar samanlikna med snittet i kommunegruppa og landet elles (utan Oslo). I årsmelding 2015 blir det peika på at kommunen skal prioritere arbeidet med kommuneplanen i 2016/2017, og at dette kan føre til mindre kapasitet innanfor dei andre områda planavdelinga arbeider med. Dette kan ifølgje årsmelding gi problem med å halde lovpålagte tidsfristar, noko kommunen til tider har problem med.

I budsjett 2016 blir det vist til at plan har vore involvert i arbeid med interkommunale og regionale planar, eit arbeid som i periodar er svært tidkrevjande. Det blir vidare vist til at ei utfordringa for avdelinga framover vil bli å ha tilstrekkeleg sakhandsamingskapasitet til private og offentlege reguleringsplanar, samtidig som det blir kjørt prosessar knytt til overordna planar (kommuneplanar og regionale planar).

I årsmelding 2015 blir det vidare trekt fram at det er viktig for plan og bygg å arbeide tilfredsstillande med kundeservice/service til publikum. Det er lagt til rette for at publikum skal kunne søkje og følgje sine saker på nett via kommunen sine heimesider, og det blir peika på at det er viktig at kommunen held fram med og vidareutviklar desse tenestene. Samtidig blir det peika på at i ein hektisk kvardag med få tilsette er dette arbeid som tidvis er vanskeleg å gi prioritert.

I undersøkinga blir det vist til at kommunen i enkelte samanhengar har fått negative tilbakemeldingar på kundeservice innanfor plan og bygg.

2.5.2 Oppmåling

Oppmålingsavdelinga har ansvar for oppmålingsforretningar, matrikkelføring og kundekontakt knytt til dette. I tillegg har avdelinga ansvar for tilrettelegging av geografisk informasjonssystem, og deltek i produksjon av digitale planar, planmottak og -register mv.

I årsmelding 2015 blir det peika på at avdelinga har hatt utfordringar med å handtere saksmengda gjennom året, og at det har blitt nytta innleidd hjelp til feltarbeid i enkeltsaker. Det ble registrert ca. 80 nye oppmålingssaker i 2015, og handsama om lag same tal saker gjennom året.

I undersøkinga blir det vist til at det kan vere litt etterslep på sakhandsaming i oppmålingsavdelinga på grunn av utfordringar knytt til tilstrekkeleg bemanning.

I budsjett 2016 blir det vist til at dersom kommunen skal klare å drive oppmålingsavdeling til sjølvkost, må gebyret aukast gradvis framover. KOSTRA-tal viser at kommunen ligg noko under landsgjennomsnittet (utan Oslo) når det gjeld storleiken på oppmålingsgebyr.

2.5.3 Brannvesen

Brannvesen i Etne kommune inngår i eit samarbeid med Vindafjord kommune. Eining for utvikling i Etne har budsjettansvar for brannvesenet og personalansvar for 28 brannkonstablar, mens Vindafjord står for den administrative og operative leiinga av branntenesta.

I årsmelding 2015 blir det peika på at det er eit stort etterslep innanfor branntenesta, som gir store utfordringar knytt til oppgradering av utstyr og bilar og investering i opplæring. På kort sikt er det behov for oppgradering av begge brannstasjonane, samt fullfinansiering av ny branntankbil. På lengre sikt vil det i tillegg vere nødvendig med investeringar i både fleire brannkøyretøy og nytt utstyr innan brannvern.

UTKAST

I budsjett 2016 blir det vist til at kommunestyret i 2015 løyvde til saman kr. 950 000 til oppgradering av utstyr på brannstasjonane i kommunen, men at det framleis er behov for ca. kr. 200 000 for å kome i mål med nødvendig oppgradering av mindre utstyr. Det blir også vist til behov for ekstra lønnsmidlar for å kunne innføre fleire øvingstimar, samt overbefalsvakt i kommunen.

I undersøkinga kjem det fram at det pågår arbeid med å organisere brannvern og –tenester i fleire kommunar på Haugalandet som eit felles interkommunalt brannvesen. I årsmelding 2015 blir det peika på at dersom dette samarbeidet ikkje kjem i stand, bør kommunen vurdere å overføre sine ansvarsområde (budsjett og personal) til Vindafjord kommune. Dette blir grunngjeve med at det er ein utfordrande arbeidssituasjon for Etne å skulle handtere økonomi og personaloppfølging utan å ha det operative ansvaret for tenesteområdet.

2.5.4 Drift og vedlikehald

I årsmelding 2015 og budsjett for 2016 for Etne kommune går det fram at kommunen har hatt ei auka i bygningsmasse, noko som igjen har ført til auka reinhalds- og driftsbehov. Kommunen har fleire bygg med kritisk og kostnadskrevjande vedlikehaldsbehov (Etne omsorgssenter, Rygg barnehage, Skånevek skule, symjehallen, Tinghuset og kommunale utleigebustadar), og stort vedlikehaldsetterslep blir i årsmeldinga framheva som ei utfordring for kommunen i framtida. Når det gjeld reinhald, går det fram av årsmelding at det ikkje er gitt auka driftsmidlar til reinhald sjølv om bygningsarealet har auka, noko som er økonomisk utfordrande for eininga.

Av årsmelding går det vidare fram at kommunen har store behov for vedlikehald av kommunale vegar og bruer. Det blei utarbeidd ei opprustningsplan for kommunale vegar i 2014, og det blei peika på som viktig å få tilført midlar til førebyggjande tiltak.

Av årsmelding 2015 går det fram at drift og vedlikehaldseininga har hatt noko langtidssjukefråvær gjennom året, og også utfordringar knytt til vakante stillingar. Det har blitt nyttta innleidd hjelpe for å kompensere for dei vakante stillingane, men det blir i årsmeldinga vist til at bemanninga i eininga ikkje står i samsvar med mengda arbeidsoppgåver generelt og at eininga derfor nyttar mykje overtid. I budsjett 2016 blir det peika på at det stadig kjem nye krav i lov og forskrift som eininga må ta omsyn til, og som gjev nye arbeidsoppgåver og auka rapporteringsplikt. Kapasiteten knytt til drift og vedlikehaldsarbeid blir trekt fram som ei sentral utfordring for eininga som heilskap.

I undersøkinga blir det stadfesta av fleire at drift og vedlikehald slit med både økonomi og kapasitet til å få gjennomført alle sine arbeidsoppgåver.

